



VEGEN FRAM TIL MUSEUMSBYGG

EINAR MYKLEBUST

Prosessen som skulle føra fram til museumsbygget på Kvial starta alt sommaren 1986. Diskusjonane om romprogram, plassering, krav og forventningar til eksteriør og landskapstilpassing gjekk parallelt med finansieringsarbeidet.

Jærmuseet skulle ha eit moderne og funksjonelt museumsbygg som m.a. skulle gi rom for utstilling og magasinering av store landbruksmaskinar. Dette bygget skulle plasserast tett innat eit av dei mest interessante fornminneområda i landet. I eit kulturlandskap som framleis bar preg av det gamle jærlandskapet med markagarden og steingardar kring dei dyrka hagane, med urydda beitemark, lyngmark og myr. Ein «lomme» av «det gamle Jæren» plassert midt i eit aktivt og ekspansivt jordbruksområde.

Dette var inga lett oppgåve. Det var nødvendig å få vurdert ulike forslag og løysingar. Alt i 1986 vedtok difor styret i Jærmuseet at det var ønskjeleg med ein arkitektkonkurranse om museumsbygget på Kvial. I første omgang prøvde ein å få til ein landsomfattande konkurransen, men dette forsøket stranda på grunn av manglande finansiering.

Museet hadde kun 180.000,- kroner i planleggingsmidlar – kr. 100.000,- var gavne frå SR-bank og kr. 80.000,- kom frå kommunane. Trass i snaue premiesummar tykte Stavanger Arkitektforening at oppgåva her ute var så spennande at dei ville medverka til å gjennomføra ein lokal konkurransen.

Hovudutfordringa for arkitektane var å skapa eit moderne og praktisk museumsbygg tilpassa det særeigne kulturlandskapet. Eit bygg som kombinerte jærsk identitet og tradisjon med nye formuttrykk og ei best mogleg plassering i heilskapen.

Vegen fram til det ferdige resultatet blei både krokute og lang. I dag er museet likevel glad for at ein ikkje valde den lettaste og beinaste vegen. Me har fått eit bygg som både Jærmuseet, arkitektane og publikum er svært nøgde med.

Me er glade for at senioren blant arkitektane vår, Einar Myklebust, tok på seg å skriva om denne spennande og vanskelege prosessen.

A. ARKITEKTKONKURRANSEN

Etter eit grundig arbeid på førehand, vart det i juni 1989 innboden til ein open, lokal arkitektkonkurranse om eit nytt museumsbygg for Jærmuseet. Det var då endeleg avgjort at bygget skulle reisast på garden

Kvia i Nærø der eit område på 55 dekar var sett av til føremålet.

Dei som hadde rett til å ta del i tevlinga var medlemmar av Stavanger Arkitektforening eller sivilarkitektar busette i Rogaland. På den tida hadde arkitekt-

foreninga i Stavanger mellom 130 og 140 medlemmar. Det vart tatt ut omlag 30 program, og på ei felles synfaring i slutten av august same år, deltok ein svær skokk med fagfolk, så det var grunn til å tru at det sto fleire bak kvart program.

Om sjølve programmet er å seia at det i hovudsak var greitt nok, men deltakarane stussa nok på at teikningane skulle leverast i målestokk 1/100. Det er ikkje vanleg i slike tevlingar. Men meir tvilsamt var punkt 9,2 i programmet om plassering av nybygget – ikkje at det var peika på to moglege eller ulike tomtealternativ, men at eit fleirtal i juryen hadde teke standpunkt på førehand og sagt kvarfor. Eit etterhald om at det sto deltakarane fritt å vurdere kva plassering som utifrå ei heilskapeleg vurdering ville tilføra anlegget flest kvalitetar, måtte tyde på at juryen var splitta i synet på kvar det skulle liggja.

Juryen besto av sivilarkitektane MNAL Per Line og Kjell Lund, oppnemnde av Stavanger Arkitektforening, gardbrukar Nils Njå, gardbrukar Tobias Skretting og konservator Målfrid Snørteland, oppnemnde av Jærmuseet.

Når ein nemner dette punktet særskilt, er det fordi det blei overordna i dei konkurrerande arkitektane si vurdering av dei skulle satse på med omsyn til lokaliseringsa, og at dei attpåtil måtte illustrera dette med teikningar i så stor målestokk.

Det kom 18 utkast. Slik sett må ein seia at dei fleste fagfolka som tok ut program hadde vore viljuge til å ta

sjansar det var lite von om å få utteljing for: Skulle ein satsa på fleirtalet i juryen sitt syn på lokaliseringa, eller skulle ein fylgje sitt faglege «samvit» og lata deit brista eller bæra.

Av dei innkomne 18 hadde 9 lagt heile anlegget på nedsida av vegen og 8 på oversida, mens eit utkast hadde ei mellomløysning med ein del på oversida og ein del på nedsida av vegen.


I juryen si innstilling heitte mellom anna:

«Dei forskjellige utkasta belyser variasjonar av ulike løysningsalternativ samt alternative plasseringar på eit relativt høgt fagleg nivå.»

Resultatet av tevlinga var – ein hadde nær sagt sjølvsagt – at det ikkje var kome inn noko fullgodt svar. Dei «beste» planløysningane hadde ikkje god nok lokalisering, og dei gode lokaliseringane hadde ikkje gode nok planløysningar eller god nok utfoming. Kva skulle ein gjera?

Juryen sitt fleirtal i lokaliseringsspørsmålet var no blitt eit mindretal som heldt fast ved sitt, men «gjekk med» på at det vart halden ein omkonkurranse. Det er den dag i dag den minst populære avgjerda slitne konkurranskarkitektar til omlag halv betaling kan tenkja seg, og med krav om teikningar i mål 1/100! Men såleis vart det.

Tre utkast kunne gå vidare til ei ny tevling, medan eit vart honorert med innkjøp. Resultatet såg då såleis ut så langt:



Dei premierte utkasta:

Motto: «BANAN»

For omsynsfull tilpassing til landskapet, kor todelinga av museumsbygningane fordrikslaust og naturleg understrekar museet sine hovedfunksjonar både som teknisk museum for utvikling av landbruksreiskapar og som kulturinstutisjon generelt.

Den arkitektoniske utforminga er basert på dyktig disposisjon av tradisjonelle motiv.

Museumsteknisk fungerer anlegget bra innanfor romforløpa i dei enkle bygningslamellane

Forfattar: AROS A/S arkitektar, Sandnes

v/ Ketil Moe, siv. ark. MNAL

Lars Nielsen, siv. ark. MNAL

medarbeidrarar:

Annema Selstrøm, siv. ark. MNAL

Olav Urstad, siv. ark. MNAL

Odd Magne Vatne, siv. ark. MNAL

Konsulent:

Skjold, Sægrov og Torpe
landskapsarkitekter, Stavanger

v/ Sveinung Skjold, landskapsark. MNAL

Torbjørg Sægrov, landskapsark. MNAL



PREMIE


Motto: «CUMULUS»

For det lovande hovudgrepet med dei store frie takformene som ein landskapsallegori knytta til Venstre Vodlen innanfor steingjerda. Prosjektet gir lovnader med omsyn til å dokumentera mulighetene for å plassera museet på denne krevande staden i det store kulturn Landskapet. Ein stad der museumsbygget både vil

venda seg mot det arkeologiske og historiske landskapet og mot det samtidige jordbrukslandskapet

Forfattar:

*HWH A/S Arkitekter MNAL NPA
v/ Tom Gyran, Thor Inge Trondsen, Arne Tveit og
Arild Wåge,
alle sivilarkitektar MNAL*




PREMIE

Motto: «NAVIGARE»

For gode museumsfunksjonelle løysingar og ein differensiert hovuddisposisjon, for nyansert utforming av eksteriør og interiør basert på frie variasjonar over regionale arkitekturtradisjonar og for ei konsekvent plassering i forhold til parkeringsplassen, Kviagarden, «den historiske stien» og kulturlandskapet som heilskap.

Forfattar:

*Professor Einar Myklebust, siv. ark. MNAL
Rådgjevar i arkitektoniske spørsmål:
Ole Gustav Øverdahl, siv. ark. MNAL
Rådgjevar i botaniske spørsmål:
Førsteamanuensis Sverre Bakkevig*



INNKJØP:

Motto: «PLOGFURE»

For ei i utgangspunktet rett vald plassering, for ein klar hovuddisposisjon og eit museumsfunksjonelt vel gjennomarbeida prosjekt som viser stor forståing for museet si praktiske verksemد og for ei konsekvent arkitektonisk formgjeving.

Forfattar:

*Knut Hoem – Louis Kloster – Nils Jacobsen
sivilarkitektar MNAL
v/ Louis Kloster, Nils Jacobsen
Helge Scheldrup, Ole Tonning
alle sivilarkitektar MNAL*

OPPSUMMERING

Av desse fire prosjekta framhevar dei tre førstnemnde eg dessutan spesielt ved at dei dokumenterer og prioritærer kvalitetar i den arkitektoniske utforminga som gjer museumsanlegget regionalt sær preg, identitet og omstsynsfull og følsom tilpassing til landskapet og kulturmiljøet.

Av omsyn til den daglege praktiske drifta i museet, inn museet sine representantar i juryen det vanskeleg å akseptera ei todeling av anlegget som vist i prosjektet etter motto: «BANAN», og at plasseringa av prosjektet etter motto: «NAVIGARE» er for perifer innanfor det totale museumsområdet.

I skisseprosjektet «CUMULUS» kan juryen sjå betydelege utviklingsmuligheter og ein verdset dei intensjonane som ligg til grunn for dette.

På tross av svært godt dokumenterte kvalitetar av



ein samla jury. Fremst frå venstre: Tobias Skretting, juryfor-
mann Målfrid Snørteland, Nils Njå. Bak frå venstre: sekretær
Arne Lindeberg, Per Line, museumskonsulent Inger Marie von
der Lippe og Kjell Lund.

museumsteknisk art i prosjektet motto «PLOGFURE», finn juryen at dette prosjektet med sitt arkitektoniske formspråk og massefordeling vil verka for miljøframandt og dominerande ovanfor Kviagarden og det store landskapsrommet med fornminner. Det har ikkje lukkast forfattaren å begrunna definitivt at konseptet kan bearbeidast vidare innanfor det formspråket som er vald for å oppnå den nødvendige lokale identiteten.

Juryen har difor vedtatt å tilrå ovanfor oppdragsgjevaren at prosjekta «NAVIGARE», «BANAN» og «CUMULUS» blir likestilde i den endelige rangeringa og premieringa, medan utkastet «PLOGFIGURE» blir tildelt innkjøp.

B. OMKONKURRANSEN

Dei tre arkitektfirmaene som vart premierte i første omgang, sa alle ja til å halda fram i tevlinga, og 19. mars 1990 vart det levert inn tre utkast, denne gong med

1. Motto: TRÆ'E
 2. Motto: GRÅTASS
 3. Motto: PI KUN SUNG HUAN

Alle utkasta blei tatt opp til bedømming av den same juryen og den drøfta utkasta inngående. Den museumstekniske konsulenten Inger Marie von der Lippe vurderte forslaga i eit eige notat.

At konkurransen framleis skulle vera anonym, var vel meir eller mindre ei formsak. To av utkasta kunne utan vidare utviklast, mens det tredje måtte starta heilt på ny i ein annan situasjon.

15. mai 1990 kom ei ny innstilling frå juryen. Der vart det streka under at den hadde gjeve nye signal, bygd på røynslene frå første omgang.

Dei viktigaste av desse var:

1. Plasseringa skulle vera på Venstre Voden innanfor den eksisterande steingarden.
2. Magasina kunne med fordel gravast ned i jorda.

Juryen sa det slik:

«Juryen har vidare komme fram til at det vil vera ein fordel om ein stor del av arealet, først og fremst magasina vert, bygde under terreng. Nyare forskning har vist at dette gir dei klimatisk beste og mest stabile magasintilhøva. Omsynet til terrenget og grunnforholda på oppsida av vegen, på Venstre Voden innanfor steingjerda, legg forholda best til rette for slike løysningar. Dette er bakgrunnen for at juryen ønskjer å få belyst også desse mulighetene – altså prosjekt på Vestre Voden med store delar av bygningsmassen lagt under terreng. Når vesentlege delar av volumet ligg nedgrovne vil det volumet som ligg over terrenget vera begrensa til primært å omfatta publikumsdel, rom for skiftande utstillingar og personalrom. Juryen har og drøfta oppdelinga i to byggetrinn. Programmet inneholder ei forutsetning om at prosjektet må delast i to byggetrinn, og dette meiner juryen er heilt nødvendig.»

Indirekte går det fram av juryen si innstilling etter den første konkurranseomgangen – sjå omtalen av dei fire mest interessante prosjekta – at «*kvalitetar i den arkitektoniske utforminga som gir museumsanlegget regionalt sær preg, identitet og omsynsfull og følsom tilpassing til landskapet og kulturmiljøet*» er viktig.

Etter dei drøftingane juryen så gjorde, var vel van-skane med å ta ei avgjerd vorte noko mindre i det dei til slutt la vekk prosjekt nr 2, «GRÅTASS» som var ei vidareføring av premieprosjektet «BANAN».


Juryen sat såleis att med to utkast. Det eine, «TRÆ’E» var ei vidareføring av «CULMULUS» og det andre, «PI KUN SUNG HUAN» var levert inn av opphavsmennene til «NAVIGARE» – det prosjektet som året før hadde kome best ut av dei som var plassert på nedre del av området.

Det må seiast til juryens ros, og kanskje særleg om den museumstekniske konsulenten, at dei hadde laga ei omfattende vurderingsliste, for å vere i stand til å ta ei avgjerd. Men dei kom framleis ikkje lenger enn at dei sat att med to prosjekt dei ikkje klarte å velja mellom. Det måtte bli to førstepremiar, med vilkåret og vona om at dei kunne verta samarbeidd «*då hovudkonseptet i hovuddisposisjonen for dei to prosjekta er tilstrekkeleg samanfallande med omsyn til massefordeling og disposisjon*».

Konkret inneber dette at hovudprinsippa for situasjonsplanen, og funksjonsstudiene i prosjektet «PI KUN SUNG HUAN», blir lagd til grunn for plassanordningen og planløysinga, medan ein bør tilpassa og videreutvikla den formale karakteren i prosjektet «TRÆ’E» i anlegget sitt eksteriør og interiør.

Juryen er klar over at denne tilnærningsprosessen mellom dei to prosjekta er krevande, men ser ikkje dette som noko uoverstigeleg hinder for å utvikla eit optimalt prosjekt basert på det beste «arvestoffet» frå begge prosjekta.

Juryen ser spennande muligheter i å sameina i eitt konsept den planfunksjonelle klarleiken og logikken i det eine utkastet med dei friare, uformelle romforløpa og ledigare landskapstilpassinga i det andre prosjektet.» No stod det berre att å finna ut om arkitektane Lars Hallgren og Thomas Spence Helliesen som representerde forslaget «TRÆ’E» og Einar Myklebust




Prosjektet «GRÅTASS» frå AROS vann ikke fram i omkonkurransen.

med «PI KUN SUNG HUAN» kunne godta denne salomoniske dom:

Ikkje kvar for seg, men tilsaman er dei gode planløysarar og gode formgjevarar, med ei positiv haldning til kulturlandskap, miljøtilpassing, jærsk nøy-

samheit og alt ein i utgangspunktet hadde ynskt seg og skrive så mykje om.

Ka va nauå då?
Arkitektane, vinnarane, vart bedne inn til kaffi, og leiaren i tevlingsnemnda, Målfrid Snørteland, var nok



Prosjekt «TRÆ'E» frå HWH blei valgt som rettesnor for utforminga av bygget, utvendig og innvendig.

spent då ho gjorde greie for resultatet og etterpå spurde korleis dei såg på eit samarbeidsalternativ.


Etter femten sekund stille, meldte den eldste arkitekten frå at han ikkje kunne sjå nokon rimeleg grunn til at dei ikkje skulle kunne samarbeide, og dei yngre fann i same augenblinken heller ikkje noko i vegen for det.

Kunne sju ulike jærkommunar einast, måtte tri arkitektar kunne det same. Og slik vart det.

C. PROSJEKTERINGA

«Arkitektgruppen for Jærmuseet» vart skipa med sivilarkitekt Lars Hallgren som dagleg leiari, og 6. juni 1990 kunne gruppa takka ja til oppdraget.

Museet oppnemnde eit arbeidsutval som på vegne av museumsstyret skulle handsame byggesaka. Det bestod av formann Nils Njå, nestformann Hans Voll og konstituert styrar Målfrid Grimstvedt.




Prosjekt «PI KUN SUNG HUAN» frå Einar Myklebust blei valgt som grunnlag for plassanordning og planløysing.


Prosjekteringa kunne ta til. No galdt det ikkje å ri kjephestar, men trø tenksamt i træ'e. Det skulle først leverast eit forprosjekt innan månadsskiftet august-september som måtte visa høve til stegvis utbygging og priskalkylar for kvart byggesteg. Dette vart gjort og seinare trykka ein brosjyre utarbeidd i samarbeid med Jærmuseet sine folk, illustrert med teikningar og modellfotografi, og med ei utgreiing om kva kriterier

som låg til grunn, deling av byggetrinn og arealoversyn.


Dette var då blitt eit heilt nytt prosjekt der arkitektane hadde samordna dei ulike ideane sine og gjort ei viktig endring i plasseringa av anlegget. Det vart rykka forbi steingarden, nordover på Vodlen. Såleis kom det i ein betre posisjon til Kviagarden som ein no måtte sjå på i nærmere samanheng. Samstundes kunne ein få ein



Hausten 1990 var forprosjektet ferdig frå Arkitektgruppen for Jærmuseet. Nå var bygget flyttet vekk frå geilen, men verkstaden hadde ennå ikkje funne sin endelige plass. Utsellingsbygget er teikna med magasin under halve golvflata.




76



Grunnplanen i det endelige prosjektet, både det som nå er bygd og byggetrinn 2: Utstillingshallen.

Under: Søyler som står med 7,2 m avstand, ber taket i bygget. Snitt gjennom resepsjon og høgt magasin.



77

klår tilkomst som ein ikkje trong endra ved seinare byggetrinn.

Styret vedtok i september 1990 å leggja dette prosjektet til grunn for det vidare arbeidet. Jæren skulle få sitt eige museum og eit særprega kulturbygg. Firma Epcon A/S fekk tilsynet med prosjekteringen fram til byggemelding.

Arkitektgruppa fekk no ein endeleg kontrakt for heile planlegginga. Konsulentar for byggeteknikk, elektriske installasjonar og VVS-anlegg vart tilsett. Byggemelding vart sendt i slutten av april 1992 og underteikna av Jone Vadla som nå var formann i byggenemnda.

I tida som no hadde gått, hadde planløysing og konsultasjonar vorte avklåra. Anlegget var forma i ein heilskap som låg godt i landskapet. Det hadde heile

tida vore ei overordna målsetting for alle som hadde hatt noko å seia så langt.


Drøftingane hadde dreidd seg om detaljar som etter kvart greip inn i kvarandre og kom på plass i heilskapen.

Teknisk etat og Arbeidstilsynet i Hå kommune godtok byggemeldinga. Materialval, konstruksjonar og den opne planløysinga kravde at bygget fekk montert eit overrislingsanlegg.

Tida fram til våren 1993 gjekk med til å fintekna prosjektet med arbeidsteikningar, konsulentberekingar og skriftelege utgreiningar for å kunna henta inn anbud.

D. BYGGINGA

12. januar 1993 starta Kristian Søyland den gamle «Brøyt X» og tok det symbolske «første» spadestikk




Detaljer av dei berande søylene, der greinene fordeler trykket frå taksperra.



Tomta ligg urørd. Alle flyfoto. Tor Ødemotland.




Br. Risa grov ut tomta. Våren 1993.




Bygget reiser seg. Hausten 1994.



12. januar 1993 blei det første «spadestikket» teke.



Jone Vadla legg ned grunnsteinen 25.januar 1994.



Ei jernramme bar taket under byggeprosessen.



Arkitektane fekk blomar og mange gode ord under opninga av museumsbygget Tomas Helliesen fremst, Einar Myklebust og Lars Hallgren bakerst.

på museumstomta på Kvia. Seinare på våren tok Brødrene Risa A/S Nærøysund på seg utgravningsarbeidet som sitt sponsorbidrag til museet. Epcon A/S ved ingeniør Mikal Bjørlow fekk jobben som byggeleiar.

I årsmeldingane for Jærmuseet er det opp gjennom åra gjort god og dekkjande greie for den økonomiske stoda til ei kvar tid. Av særleg interesse er det korleis problema med dei ulike byggetrinnna vart handsama.

Arkitektane har vore sers nøgd med at dei fekk planleggja og utarbeida grunnlaget for heile anlegget i

ein eingong og på dette viset kunne halde kontroll over heilskapen. At ein no berre har andre byggesteg att, sjølve utstillingslokala, sikrar ei stendig trøng til å få dette bygd så raskt som mogeleg. Samstundes kan museet fungera fullt ut som ein institusjon for forskning og undervisning, og som ein stad der samlingane står trygt og vert sette i stand etter kvart. Det var avgjerande at verkstaden og auditoriet kom med i fyrste byggetrinn.

Det har vore spanande å fylgia med når bygget reiste seg. Sjølv om både val av byggemateriale og formgjevinga har søkt røter i det ein nemner som jærsk tradisjon, kan ein seia at såvel konstruksjonane som måten å byggja på har vore nyvinningar.

Taket som gjer forma bygningen får i landskapet sett frå ulike hald, var det første som vart reist på grunnmurane. Byggmeisteren sette opp førebels konstruksjonar av jarn som holdt det heile oppe til dei avanserte berestolpane av limtre med «greiner» kom hårfint på plass i ein permanent situasjon. Det «jærske» i denne konstruksjonen var at ein fekk mest mogeleg rom med minst mogeleg materialbruk. Dette er både god byggeskikk og god funksjonalisme. Til slutt vart ytterveggane tilpassa den overordna stereometrien. Glas, stein og ospepanel er meint som melodiske tema i den landskapelege symfonien.


Byggverk av dette slaget kan aldri vera solospel, og ein kan seia at å gje oversyn over alle som har vore med i orkesteret ikkje er mogleg. Kven som har spelt førstefiolin, kven som har spelt bass og kven som har dirigert blir ikkje så viktig. Det som tel er korleis museet vil te seg som del av historia om folket, om livet og jordbrukskunsten på Jæren – frå landstripa vart isfri fram til oljealderen og vidare så lenge vi vil sjå Jæren.

Mange handverkarar frå ulike firma var i sving under bygginga.

Under: Stueland Trevare AS monterer overlys i verkstaden, medan ein tømrar frå Øystein Torgersen AS set opp ytterkleddning av ubehandla osp.


Til høgre: Elektrikarane frå Nærøysund Handelslag takla alle vanlige monteringsoppdrag med ein smil.


Under: Brødrene Haver AS har lagt opp alle dei fine verne-murane rundt bygningane.



Einar Myklebust

f. 1922 i Ålesund. Pensjonert sivilarkitekt. Arbeidde med gjenreisningsprosjekt i Finnmark 1947–49. Omfatende privat praksis. Professor ved NTH 1964–70. Bur på Gausel, Stavanger.






Byggetrinn 1 er ferdig!
Bygget ligg lågt i terrenget og hukar seg ned mot sørvest. Dei mange natursteinsmurane gir spennande detaljer.



Ei skyvedør i høgt magasin gjer det mogeleg for Jonas B. Auestad å løfta traktoren forsiktig inn på plass. Gjessene ser nybygget frå aust.

Foto: Einar Myklebust, Lars Hallgren og Jærmuseet.



Beitande sauar og hestar trivest med kafeen og publikum som nærmeste nabo. Størst lengde har museet mot nord. Her ligg verkstaden til venstre, så bibliotek, høgt magasin og kafe. Når du går gjennom geilen kan du oppleva auditoriet frå denne vinkelen. Foto: Lars Hallgren.





Inne er museet luftig og stort. Frå resepsjonen ser ein hemsen med høgt magasin under og administrasjonen i bakgrunnen. Her er det dekk til 160 mann i kafeen. Denne gongen var det firmafest for Bryne Offset.



DELTAKARANE I BYGGEPROSJEKTET

Styrar

Prosjektleiing

Byggeleiing

Arkitektgruppen for Jærmuseet

Formann i byggekomiteen

Medlemmar av byggekomiteen

Økonomi- nemnd

Jærmuseet
ved Målfrid Snørteland
Epcon A/S
ved Reidar Bringedal
Epcon A/S
ved Mikal Bjørlow

Siv. ark. MNAL
Einar Myklebust
Siv.ark.MNAL Lars Hallgren
Siv.ark .MNAL
Thomas Helliesen
Siv.ark.MNAL Arne Tveit

Jone Vadla

Arne Hodne
Johan Vestvik
Målfrid Snørteland
Målfrid Grimstvedt

Jone Vadla formann
Roald G. Bergsaker
Kjellaug Grødem
Eldar Odland
Trygve Stangeland
Frode Underhaug

Råd.ing.
Byggteknisk

Råd. ing. Elektro
Håkon Tjelflåt A/S

Råd.ing. VVS
Partner Concul A/S

Gravearbeid
Tømmerarbeid
Betonarbeid

Kruse Smith Stavanger A/S
Miljøhager A/S

Overlys
Stueland Trevare A/S

Elektrisk
Installasjon
Stein/mur-arbeid
Dører, vinduer

Nærø Handelslag A/S
Brødrene Haver A/S
Klepp Trevarefabrikk A/S
J.Tollefsen A/S

Rørleggar-arbeid
Ventilasjons-arbeid

Flebu Sandnes A/S